

Innspel til «Varsel om oppstart detaljreguleringsplan i Knarvik»

I gjeldande kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er området ved Kvassnesstemma markert som LNF omsynsområde, og tomta ved sida av BKK-bygget er merka av med rosa, altså offentleg eller privat tenesteyting. I følge tegnereglane frå Regjeringen.no (lenke under), er dette område som er tiltenkt tenesteyting, barnehage, undervisning, institusjon, kyrkje, forsamlingsarena eller offentleg administrasjon. Dette arealet sikra Lindås kommune seg då ein såg etter ein passende stad å lokalisera Lyngtunet, ein heim for demente. Prosjektet vart aldri noko av, men området vart vidareført som rosa, for å sikra at kommunen hadde eit areal som var sett av til offentleg tenesteyting. Tomta vil til dømes passa ypperleg til ein barnehage.

- https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/vedlegg/planlegging/geografisk-informasjon/tegneregler_reguleringsplan.pdf

Når ein vel å utarbeida ein områdeplan innanfor kommuneplanområdet, er det fordi ein treng å gje meir detaljerte avklaringar av arealbruken innanfor eit område (PBL § 12-2). Det var derfor ein lengre prosess med denne planen før ein endeleg sette punktum i 2015. Å ta vare på kvalitetane rundt Kvassnesstemma vart løfta fram som særskild viktig. Under utarbeiding av planen vart det også arbeidd målretta for å få det ein kallar «plasskrevjande industri» ut or Knarvik. Ein skulle ikkje ta bort det som var der, men ein skulle planleggja slik at det ikkje var rom for å gje nye løyve eller utvida dei areala som var i bruk. Alt skulle innrettast mot sentrumsformål eller publikumsretta aktivitet.

Det framstår derfor som eit markert brot både med kommunedelplanen og områdeplanen sitt formål og intensjon når ein no vil utarbeida ein detaljreguleringsplan i Knarvik med formål å plassera eit reinseanlegg på det som i dag er o_BIN 05 ved Kvassnesstemma. Ikkje berre har det feil farge i forhold til kartet, men i føresegnene står det også uttrykkeleg at tomta er tiltenkt institusjon. § 11-5 i PBL gjev rett nok opning for at kommunen etter vurdering av eige behov kan detaljera arealplanen for heile eller delar av kommunen sine område med nærare nemnde underformål for arealbruk, omsynssoner og føresegner, men ei omfattande endring av dette slaget, som kjem fem år ut i ein områdeplan som har eit perspektiv på fleire ti-år, er svært uheldig. I følgje PBL § 12-3 skal også detaljreguleringsplanar brukast for å følgja opp kommuneplanen sin arealdel, med andre ord visa korleis ein til dømes går fram for å sikra at ein ikkje får «plasskrevjande industri» i området. Ein kan også bruka detaljreguleringsplanar til utfylling eller endring av vedtatt reguleringsplan, men å endra formål frå institusjon til reinseanlegg for kloakk, er inga lita endring.

I dokumentet «Foreslåttevurderte tomter» der Kvassnesvegen blir vurdert som «godt eigna» av administrasjonen, er såkalla «fordelar» med denne plasseringa at tomta ligg sentralt, at det er god kollektivdekning, at tomta ligg nær servicetilbod og at ho har riktig formål i områdeplanen. Det siste er direkte feil. Tomta er rosa både i kommunedelplan og områdeplan, og ikkje organge. At tomta ligg sentralt og nær servicetilbod, betyr ingen ting når kloakken skal rensast. Det er viktig for folk som skal gå på butikken. Dette skulle derfor stått under overskrifta «Ulempar», men den einaste ulempa som blir rekna opp i denne lista, er at området ligg nær Kvassnesstemma. Ingen ting vert sagt om at o_BIN5 er den einaste rosa tomte som er igjen på nedsida av E 39. Har ein til dømes sikra anna område til barnehage den dagen Haugen barnehage må flyttast frå den tomte han har i dag? Då kan det aktuelle området vera aktuelt, men berre viss det framleis ligg urørt. Politikarane har ansvar for å tenkja langsiktig, slik det vart gjort då denne tomte fekk rosa farge.

Den aktuelle tomte ligg på høgd med og tett inn mot parkområdet Kvassnesstemma, mindre enn 100 meter frå vatnet. Reinseanlegget vil derfor vera synleg både frå store delar av Knarvik og frå turløypa omkring Kvassnesstemma. Sidan området rundt Kvassnesstemma er merka av som omsynssone i både kommunedelplanen og Knarvik-planen, er det heilt heilt feil å gjera inngripande endringar i dette viktige området for friluftliv og rekreasjon, folkehelse og fugleliv m.m. Om ein legg endå ein bygningskoloss i dette området, slår ein i hjel eigne planar. Det vil verta direkte skjemmande både for fastbuande og besøkjande. Alle forstår at det vil ta svært mange år før ein klarer å få tre og skog til å skjula ein bygning med omkrins større enn ei handbalbane og med ei høgd på 11-12 meter, og endå vanskelegare blir det når ein ser det ovanifrå. At ein kan visa til målingar som viser at det ikkje er lukt eller lyd frå anlegget, er sjølvsagt fint, men bygget kan aldri bli fint, og det blir aldri skjult i skogen.

Det er dessutan veldig god grunn til å stilla spørsmål om kvifor planen om reinseanlegg ikkje vart spelt inn då Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen vart rullert. Den planen vart vedtatt i oktober 2019, altså for 11 månader sidan. Sidan følgjande sto i VA-planen som vart godkjent i juni, 2019, kan det i alle fall sjå ut som om nokon visste om at det var planlagt eit reinseanlegg som hadde behov for eit større areal enn det området som er farga orange på Kvassneset:

«Målet er at eit hovudreinseanlegg for Knarvik-Hilland på Kvassneset skal vera klart for handtering av avløp frå Knarvik innan 2022. Deretter vert det lagt opp til ei trinnvis utbygging av pumpestasjonar og sjøleidningar for overføring av avløpsvatn til Kvassneset (Figur 9). Utbygginga vil sanera dagens utslepp frå slamskiljara og erstatta silanlegga på Ikenberget, Isdalstø, Klubbstøa og Solbakken med eit utslepp ved Kvassneset (Osterfjorden). Det vert lagt til grunn at eksisterande anlegg med størst belastning i forhold til dimensjonert kapasitet, skal sanerast først.» (s. 39)

På same måte som næringslivsaktørar og privatpersonar må melda inn sine ønsker i planprosessen, må også offentlege mynde gjera det. Det sikrar at ein får vurdert det i ein større samanheng, og at det vert del av ein open prosess. Hadde ein spela inn i den prosessen at ein ønskte å gjera om det rosa området for offentleg og privat tenesteyting til reinseanlegg, ville dette garantert blitt eit stort tema. Det er ikkje eit godt nok argument at Fylkesmannen har purra (orientering til Formannskapet 03.09.2020), for Fylkesmannen purrar ikkje viss ikkje det mykje tidlegare er kome eit krav om at noko må vera på plass.

Viss kommuneplanlegging skal skje på ein slik måte, er det ikkje lengre snakk om ein demokratisk prosess, og det er ikkje i orden at ei så inngripande endring blir redusert til ei «nødvendig justering» av planen. Det er også svært uheldig at følgjande setning avsluttar saksframlegget som PMU fekk til handsaming i juni: «Det er ønskeleg å gjennomføre ein stram framdrift i arbeidet og det vert lagt opp til eit vedtak av detaljreguleringsplanen før sommaren 2021.» Til samanlikning arbeidde ein i to kommunestyreperiodar med områdeplan for Knarvik, og prosessen med Kommunedelplanen tok nærare fire år. No må politikarane vakna før det er for seint. Set av tomte ved Kvassnesstemma til barnehage, og bygg reinseanlegget i fjell eller under Hagelsundbrua!

Knarvik, 8. september, 2020

Sæbjørg Hageberg Kjeka

PS: Eg var og er ikkje overtydd over at det området som er sett av til bustader for rus og psykiatri, er det beste, men sidan dette prosjektet vart vedtatt i Lindås kommunestyre i september, 2019, vel eg å ikkje problematisera det. Dessutan er det offentleg tenesteyting, og det passar i området.